



Teknisk sjef ved Nordfjord sjukehus, Per Helge Haugen, og Enøk-konsulent Bernt Festøy har jobba med energisparing ved Nordfjord sjukehus i meir enn ti år. Sparetiltaka på energisida har i løpet av ein periode på elleve år gitt ei innsparing på rundt 30. millionar kroner.

## FAKTA

### Nøkkelen til Enøk-suksessen ved Nordfjord sjukehus

- 65 % innsparing på kjøpt energi - samla for fastkraft og oppvarming.
- Betra inneklima
- Reduserte driftskostnader
- Reduserte vedlikehaldskostnader
- Økonomisk innsparing på cirka 30 millionar kroner i perioden 1997 - 2009
- Startkapital kr. 300.000

Investeringa i har vore på cirka to millionar kroner til enøk-tiltak, vedlikehald- og oppgraderingstiltak. Tiltakablei for ein stor del finansiert med innsparingar på energibudsjettet innan same kalenderår. Berre i byrjinga av prosjektet blei det løyvd 300.000 kroner.

Tilsvarande energisparetiltak som det som er gjennomført ved Nordfjord sjukehus ville kunne spart Førde sentralsjukehus for rundt ti millionar kroner i energikostnader per år

# Enøk-suksess ved Nordfjord sjukehus vekker oppsikt

**Investeringar på rundt rekna to millionar kroner i Enøk-tiltak har ført til at Nordfjord sjukehus sidan 1997 og fram til 2009 har spart 30 millionar kroner i energikostnader.**

Under eit seminar på Nordfjord-deid for kort tid tilbake vart resultatet av ENØK-arbeidet ved Nordfjord sjukehus presentert. På seminaret var alle sjukehusa i Helse Sør/Øst og Helse Vest representert.

– Vi fekk massevis av positive tilbakemeldingar frå seminarde-

takarane, seier teknisk sjef Per Helge Haugen og Bernt Festøy som har vore ENØK-rådgjevar sidan arbeidet med energiøkonomisering starta ved Nordfjord sjukehus for 12 år sidan.

– Vi er ikkje i tvil om at likande tiltak, som det som er gjort ved Nordfjord sjukehus, vil kunne få ned energikostnadene også ved andre sjukehus, ikkje minst i vårt eige helseføretak, seier Haugen og Festøy.

### Store innsparingar

Nordfjord sjukehus har i dag cirka 17.000 rutemeter som skal varmast opp, eventuelt kjølast om sommaren. Energiforbruket i dag

tilsvarar rundt 130 kroner per rutemeter per år. Dersom ein ser på tilsvarande tal for eksempelvis Førde sentralsjukehus så ligg energiforbruket på nærare 370 kroner per rutemeter. Dersom Førde sentralsjukehus hadde vore like kostnadseffektive som det Nordfjord sjukehus har vist seg å vere, ville dette ført til ei innsparing i same periode (1997 - 2009) på rundt rekna 105 millionar kroner.

Etter det Fjordabladet erfarer så får Nordfjord sjukehus kutt i sine energibudsjett, medan dei institusjonane som ikkje gjennomfører sparetiltak opprettheld, eller aukar sine energibudsjett.

– Det er ikkje tvil om at mange av sjukehusa som deltok på konferansen, har mykje å hente på energisparing, og ikkje minst har mykje å lære av dei erfaringar som er gjort i dette viktige arbeidet ved Nordfjord sjukehus, seier Bernt Festøy og Per Helge Haugen.

### Meir enn halvert

Då energiøkonomiseringsarbeidet ved Nordfjord sjukehus starta for 12 år sidan hadde sjukehuset eit forbruk på 4,2 million kilowattimmar. I dag er forbruket redusert med 65 prosent. Sjølv ideen til energiøkonomiseringa oppstod ut frå at sjukehuset var, då som no, i

ein pressa økonomisk situasjon.

– Sjølv om Nordfjord sjukehus er, og har vore, eit av dei mest kostnadseffektive sjukehusa i landet, på fleire område, så kom det stadig krav om endå større kostnadseffektivitet. Når vi som eit lite sjukehus greie å oppnå så gode resultat, som også vert lagt merke til langt ut over eige føretak, så seier det seg sjølv at det er mykje å hente innanfor dette området for mange andre større institusjonar, seier Haugen og Festøy.

**TORMOD FLATEBØ**  
redaksjon@fjordabladet.no  
Direkte telefon: 57 88 53 18